



Foto: Torbjørn Hovland

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2017

«Nær menneske, nær Kristus»

INNHALD

Innhald

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2017 _____	- 1 -
TRUSOPPLÆRING _____	- 4 -
DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN _____	- 8 -
ØKONOMI _____	- 13 -
ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN _____	- 17 -

Fitjar, den ____/____-2018

Sigrid Fangel
Leiar i soknerådet

Gunvald Aarbø
Nestleiar i soknerådet

Helga Olsen Aadland

Terje Havro

Bodil Nesse

Sindre Aarbø

Rasmus Fitjar

Mette Elisabeth Lambach

Olav J. Oma
Sokneprest

Sigurd André Maaras
Kommunal representant

Harald Rydland
Kyrkjeverje

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2017

v/ Olav J. Oma, sokneprest

2017 har på mange måtar vore eit flott år i Fitjar kyrkjelyd. Eg skreiv fylgjande til Frå fjord og fjære til jul:

Fitjar kyrkje – 150 år, Med Jesus i båten

Det var utgangspunktet for biskopen si preike ved jubileumsgudstenesta for Fitjar kyrkje i slutten av november. Då hadde kyrkjelyden feira kyrkja i eit heilt år. Halvor Nordhaug gav uttrykk for at kyrkja hadde vore gjennom ei «velling oppussing».

For oss som har sett og vore ein del av arbeidet, så har det som har skjedd vore bort i mot utruleg. I september i fjor(2016) fylles kyrkja med stillas, orgelet vart demontert, galleriet rive. Det mest utrulege var menneska som fylte kyrkja dag etter dag. Dei arbeidde. Sprekker vart tetta, benker lista, tak og vegger vart malt, fundament til nytt galleri vart støypt, stålbjelkar og søyler kom på plass, golv og himling vart lagt inn i det nye galleriet - før, orgelbyggerane kom og bygde nytt orgel.

Det nye orgelet vart vigsla i eiga gudsteneste Maria bodskapsdag 26. mars. Kantor Jan Overweg var begeistra over det nye instrumentet, og over klangen, akustikken, i kyrkja. Og i veka som fylgde orgelvigslinga vart orgelet feira med fleire ulike konsertar. Då SKRUK song i kyrkja i haust sa Per Oddvar Hildre at han sjeldan hadde opplevd ei kyrkje der klangen var like god når kyrkja var fullsett som når ho var tom, slik var det i kyrkja vår. Det var ord som vermdde alle som er glade i kyrkja.

I løpet av året har det vore ei rekke hendingar. Til 1. søndag i advent 2016 vart jubileumsboka: «Så fast ei borg, Fitjar kyrkje 150 år» utgjeven. Det har vore temakvelder, konsertar, Luther med latter, songkvelder, jubileumsquiz, utstilling, barneveke, kveldssong, salmekveld og skodespel. På desse samlingane utanom søndagane har det jamt over vore svært god deltaking.

På festen etter jubileumsgudstenesta 19. november, kom ordførar Wenche Tislevoll med ei gåve på 100.000 til kyrkjeorgelet. Med den gåva var finansieringa av orgelet på det næraste i hamn. For med tanke på kyrkja har folk, kommune og bedrifter vore svært gåvmilde. Godt samarbeid med Fitjar bedehus gjorde at vi kunne feira gudstenester og halda gravferd som normalt i den perioden kyrkja var stengd. Men frå andre søndag i advent 2016 har vi fått feira gudstenestene i kyrkja. I tillegg til det økonomiske har mange gjeve av tid og krefter for at kyrkja vår skulle bli så fin og velhalden som ho er.

Då vi tok til med arbeidet var det i alle fall slik for underteikna at eg tenkte med meg dette kjem aldri til å gå. Kyrkja var full av stillas, rusk og rask, men det har gått, og det har gått over måte vel. Det var slik biskopen las i jubileumsgudstenesta at Jesus sa til læresveinane sine i båten då han hadde stilt stormen(Mark 4, 35-41: «Kvifor er de så redde? Trur de ennå ikkje?»)

Dette året har vore eit stort løft for kyrkjelyden og bygda, og mange av oss har erfart at vi trengde ikkje vera redde, for Jesus var med i båten.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Tilstandsrapport

2017 var prega av 150 års jubileet for lokalkyrkja og 500 årsjubileet for reformasjonen.

Mykje god deltaking. Gudstenestene i kyrkja har eit snitt på 150 deltakarar. I tillegg til gudstenestene i kyrkja, har vi halde gudstenester, på Dåfjord slipp, ved Kidnavatnet, på kaien i samband med Fitjarfestivalen, Osternes bedehus og Øvrebygda bedehus. Vi deltok på venestemne saman med Indremisjonen og på Strandamøte på Stranda bedehus.

Vi opplever framleis at samarbeidet i det store er godt med misjonsorganisasjonane.

Om medlemmer, dåp, innmelding og utmelding

Per 31.12 var det 2586 medlemmer i Fitjar sokn.

Siste året var det 3 innmeldingar og 21 utmeldingar. Talet på utmeldingar er litt lågare enn 2016 då talet var 26.

Vi opplever at dei fleste som blir foreldre i Fitjar ynskjer å døypa borna, og framleis er det slik at ein del vel å koma «heim» for å døypa borna sine. I 2017 vart 39 born døypte i kyrkja, og 29 born vart fødde i kommunen.

Om trusopplæringa

Deltakinga på dei ulike trusopplæringstiltaka er varierende. Frå svært god til ingenting. Dette gjer at vi må tenka gjennom kvar vi skal setta kreftene inn. Her er og ei utfordring i samspelet mellom tiltak, (noko som skjer ein gong i året,) og den kontinuerlege trusopplæringa.

Vi har gjennom året sett at oppslutninga kring fredagskveldane på bedehuset for ungdom, som vi samarbeider med Indremisjonen om, har vore stigande. Dette gjev håp om eit oppsving for ungdomsarbeidet vidare.

Om gjevargleda i Fitjar kyrkje.

Eg skreiv i fjor at vi opplevde stor gjevarglede, det ser vi også i 2017. Det er innsamla meir i både kyrkjeoffer, og i andre gåver, enn nokon gong. Det er oppmuntrande, og tyder på at folk set pris på arbeidet vi legg ned.

Om å arbeida i kyrkja

Det er flott å arbeida i Fitjar kyrkje. Her er mykje godt engasjement, stor oppslutning om dei tinga vi arbeider med, gudstenester, trusopplæring, konsertar og andre kulturarrangement. Vi har mange frivillige medarbeidarar, men vi slit litt med å engasjera menneske som er yngre enn oss sjølve.

Om kyrkjestaben

Vi har eit godt samarbeid i staben. Her er flinke medarbeidarar i alle ledd, men siste året har både ein kyrkjelydspedagog(50%), og ein kyrkjetenar(40%) slutta. Dei to gjekk over til heiltidsstillingar andre stader, og vi har ikkje fått fylt opp stillingane. Det er ei utfordring å få kompetente arbeidarar i alle ledd.

Det at vi har hatt kontorhjelp i haust har vore viktig for å klara å gjere dei oppgåvene vi er sette til. Eg har gledd meg til å gå på arbeid, og opplever at staben arbeider konstruktivt og godt saman.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Fitjar kyrkje	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011
Døpte	39	37	32	38	26	34	38
Konfirmerte	41	34	45	52	52	27	48
Vigsel	7	12	4	7	8	3	3
Gravferd	21	32	28	19	25	29	24
Deltakarar i gudst søn og helgedagar	8940 (10190)	9324 (10648)	8896 (10244)	9139 (10577)	8880 (10434)	8400 (9973)	8800 (10415)
Gjennomsnittframmøte på søn og helgedagar	144/62	150/62	148/60	152/60	148/60	140/60	160/55
Nattverddeltakarar	3382/35	3781/41	3153/37	2626/35	2623/36	2700/38	2661/37
Kyrkjeoffer	544417	425154	416430	379524	384478	381780	369482
Gjevarteneste og andre gåver	670290	639929	56280	138000	182000	74352	
kyrkjeblad	35000	32000	36000	63000			



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

TRUSOPPLÆRING

v/ Elisabeth Søndena Oma

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. I 2017 skulle desse tiltaka gjennomførast:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	39	115%
B1	Babysong (ikkje kurs våren 17 grunna for få påmeldte, tala er for hausten 17)	13	50%
B2-3	Minisong	6	8%
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	23	100%
B5	Den gode hyrding	6	19%
B6	Barnas påskefest	14	47%
B7	Pinsefest	9	26%
B8	Gledesfest/Karneval	15	43%
B9	Tårnagent	16	50%
B10	Pilgrim	19	28%
B11	Lys vaken (vart utsett frå desember til februar 2018)	21	68%
B12	Kode B	6	15%
B13	Kode D (Kodedisippel)	4	9%
B14	På sporet av Jesus (for få påmelde)	-	-
B15	Konfirmasjon	37	103%
B16	Loved i praksis (for få påmelde)	-	-
B17	Ung Tru (Nytt I 2017) (valde å inkludere aldersgruppene 15,16,17 og 18år i dette arrangementet)	16	10%
B18	Vaksen (ikkje gjennomført, valde i staden å inkludere 18-åringane i UngTru)	-	-

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

MEIR OM ARBEIDET

Me har gjennomført mange tiltak i 2017. Me ser at spesielt dei nasjonale tiltaka som Lys Vaken, Tårnagent og 4-årsbok er populære. Det tyder på at ting som er bra laga til, og innarbeida tradisjonar fungerer best.

Kyrkjelydspedagog Silje Fyllingen slutta i si stilling 01.09.17. Dette har vore ei utfordring når det gjeld kapasiteten i høve trusopplæringstiltak på hausten. Men me har flinke medarbeidarar i staben og flinke frivillige som har «steppa» inn slik at me likevel har klart å gjennomføre dei fleste av tiltaka me planla på ein god måte.

Det har vore vanskeleg å få oppslutning blant aldersgruppa 12-18år, og me har måtte avlyse nokre tiltak grunna for få påmelde. Me har hatt ekstra fokus på å nå denne gruppa, men ser framleis at dette er ei utfordring.



NYE TILTAK I 2017

I 2017 har me hatt eit nytt tiltak i trusopplæringa. Det var tiltaket UngTru.

Oppslutninga om dette tiltaket var ikkje så høg som me skulle ynskje. Men det var eit kjekt tiltak, og deltakarane gav gode tilbakemeldingar på tiltaket og aktivitetane.

PLANAR FRAMOVER

Etter planen for trusopplæring skal desse tiltaka ha oppstart i 2018

B18: Vaksen – (ikkje bestemt dato)

Elles vil me vidareføra dei tiltaka som allereie er i gang.

Kor mykje ein får gjennomført av planlagde tiltak er usikkert. Sidan kyrkjelydspedagogen slutta i september har me per no ikkje ein fast trusopplærer. Kyrkjestaben er i utvikling, og det vert planlagt å tilsetje ein barne- og ungdomsprest. Trusopplæring vil da ligge under den stillinga. Fram til dette er på plass vil me prøve å gjennomføre på best mogleg måte med å nytta dei ressursane ein har i kyrkjestaben.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

Tilbodet, som vert drive av Helga Rimmereid og Astrid K. Prestbø, inneheld songstund, nistemåltid og sosialt samvær for ungar under skulealder saman med ein vaksen på Fitjar bedehus.

Babysong er organisert som eit kurs på 8 samlingar og er for babyar mellom 0 og vel 12 månader. Her er det påmelding. Småbarnstreff er for alle ungar mellom 0 og 6 år saman med ein vaksen, det er gratis og krev ikkje påmelding.

Babysong og småbarnstreff går parallelt, med babyane på loftet og småborna i "matsalen" på bedehuset.

Babysongkurset er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff har vore eit supplement til trusopplæringstiltaka for aldersgruppa 0-6 år.



Som regel er det 8 samlingar i halvåret à 1,5 time. Nokre semester har tilbodet vorte utvida med eigne utetreff utan anna opplegg enn å vera saman ute, leika og eta niste. Me hadde i 2017 to songstunder på Fitjar bu- og behandlingssenter. På slutten av året hadde me ei fin og stemningsfull adventssamling/avslutting før jul med julemannbaking, nistemåltid, ulike juleverkstadaktivitetar og adventssamling med lystenning, julesongar og enkel framstilling av juleforteljinga.

Våren 2017 vart babysongkurset avlyst pga for få påmelde. Dei som ville vera med kom på småbarnstreff i staden og opplegget der vart tilpassa at det var med nokre babyar og. Hausten 2017 var 13 babyar med mødre med på babysongkurset. Oppmøte på småbarnstreff har vore varierende, frå 3 til 15 ungar og frå 3 til 11 vaksne kvar gong.

Kaffikokarar i 2017 har vore Gerd M. Træet og Ruth Skram.

Me planlegg å fortsetta som før med to babysongkurs i året. Småbarnstreff vil me halda fram med etter same mal som tidlegare, så lenge det kjem folk.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Glimt frå jubileumsåret



DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

PERSONALE

I 2017 har desse vore tilsette i kyrkjestaben:

Sokneprest, Olav J. Oma

Kyrkjelydsprest, 100 %, Fridleif Lydersen

Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland.

Kyrkjegardsarbeidar, 60%, Kristian Skumsnes

Kantor, 65 %, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 50%, Silje F. Fyllingen (slutta i september)

Kyrkjetenar, 40%, Birgitte D. Brenne (slutta i mars)

Kyrkjetenar/reinhaldar, 10%, Marte Rimmereid (frå MARS)

Kontormedarbeidar, 40 %, Elisabeth S. Oma (frå september)

Samarbeidet i staben har vore godt. Arbeidet i kyrkjestaben er prega av stor arbeidsglede og godt humør.

KYRKJEBYGGET

Fitjar kyrkje fekk seg eit skikkeleg løft i samband med jubileumsmarkeringa i 2017. Arbeidet med tilrettelegging for nytt orgel og galleri starta hausten 2016 og vart i hovudsak slutført våren 2017. Ikkje sidan 1957 har det vorte utført så mykje innvendig vedlikehald i kyrkja. Takka være ufatteleg god hjelp frå kommunen, næringslivet og kyrkjefolket, framstår Fitjar kyrkje no finare og meir tenleg enn nokon gang. Om lag 100 dugande fagfolk har siste året arbeidd over 3000 timar dugnad for å setja kyrkjebygget i god stand. Dessutan har næringslivet lånt oss utstyr og sytt for at me har fått gode innkjøp.

Desse tiltaka har vorte gjennomført ved hjelp av denne innsatsen:

- Nytt klassisk pipeorgel med 24 stemmer
- Nytt og større galleri
- Tetting av sprukker og maling av vegger og himling i heile kyrkjeskipet, koret og våpenhuset
- Tiltak for betre akustikk

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

I løpet av året 2017 vart og andre tiltak gjennomført for å ta vare på, og betra tilstanden til kyrkjebygget:

- Montering av nytt automatisk ringeanlegg og oppheng på kyrkjeklokka
- Opprusting av brannvarslingsanlegget med direkte varsling til alarmsentralen 110
- Utbetring av det elektriske anlegget
- Utvendig maling av våpenhuset
- Tetting av lekkasje i taket over våpenhuset
- Utarbeiding av tilstandsrapport på kyrkjebygget

Med tilstandsrapporten, som me fekk utført hausten 2017, ynskjer me å kunna sjå behov, og ha ein god plan for framtidig vedlikehald av kyrkja. Rapporten konkluderer med at kyrkja stort sett er i god stand. Det ekstremt fuktige klimaet me har slite med dei siste åra er ikkje bra for trebygningar. Deler av materialane får ikkje høve til å tørka skikkeleg opp. Det som hastar mest å få gjort noko med, er å få retta opp ein del av hellene på taket. Ein del av skiferhellene er kommen i ulage, noko som fører til at det driv regn inn på sutaket, noko som igjen fører til at det oppstår råteskadar. Me satsar på å få retta opp mykje dette i løpet av 2018.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

GRAVPLASSEN

Den uvanleg våte sommaren 2017 sette sitt preg på drifta av kyrkjegarden. Kyrkjegardsarbeidaren og sommarvikarane gjorde alt dei kunne for å halda plenane og resten av kyrkjegarden velstelt. Dei største utfordringane knytte seg til nokre av gravfelta som nærast sto under i vatn. For både pårørande, som steller gravene, og medarbeidarane på kyrkjegarden var dette vanskeleg. Det vart gjort ein del arbeid med overflatedreining i haust. Ei større avskjæringsgrøft vil verta graven i utkanten av gravplassen langs Sjøsbrekka for å hindra ein del av vatnet i å komma inn på området. Me kjenner til at fleire av gravplassane i vårt distrikt har hatt store problem med vassjuke gravfelt den siste tida.

Med eit såpass stort areal som det me har på kyrkjegarden, rekk ikkje kyrkjegardsarbeidaren og sommarvikarane å ta seg av alt vedlikehaldet som må til. Difor set me stor pris på at me har fått god hjelp frå frivillige til m.a. å skjæra vegkantane på nokre av gravfelta.

Gjennom 2017 har me i samarbeid med selskapet Akasia Eiendomsforvaltning AS laga ein langsiktig plan for bruk av areala på Fitjar kyrkjegard. Denne planen viser at ein gjennom fornying av gravfelt og gjenbruk av graver vil ha kapasitet nok på eksisterande kyrkjegard fram til 2040, og truleg lenger fram enn det. Det første feltet me vil fornya er felt D. Kor dette feltet ligg kjem fram på kartet nedanfor. For å ha nok ledige graver bør dette feltet vera klart til bruk 2021. Det er og planar om å etablera ein namna minnelund for urnegraver på den nyaste delen av gravplassen.

Kyrkja utfører gravstell på om lag 50 graver for prørørande som ikkje har høve til å gjera dette sjølv. Avtale om gravstell kostar for tida kr. 1.100,- pr år. Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard er for tida kr. 200,- pr. år etter at fredningstida på 20 år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda. Det er ikkje alltid like lett å halda greie på kven som skal vera festar til dei einskilde gravene. Der me har problem med å finna festar, set me no informasjonsskilt på grava. Dette har vist seg å vera eit effektivt tiltak.

Kommunen, soknerådet og medarbeidarane i kyrkja vil framleis arbeida for at Fitjar kyrkjegard skal framstå som ein fin og velstelt gravplass.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

PROSJEKT

I 2017 vart to pågåande investeringsprosjekt i kyrkja sin regi gjennomført. Det gjeld orgel- og galleriprosjektet, samt planen for gravplassen. Begge prosjekta fart fullført slik dei var planlagde, men med litt avvik på økonomi.

Nytt orgel og galleri

Budsjett og rekneskap for orgelprosjektet:

	Rekneskap	Budsjett
<u>Kostnader</u>		
Orgel	4.000.000	4.000.000
Galleri m.m	320.000	150.000
Orgelkonsulent	83.000	100.000
Pristigning, valutatap og diverse	468.325	250.000
Sum	4.871.325	4.500.000

<u>Finansiering</u>		
Kommunalt tilskot	3.600.000	3.500.000
Innsamla gåver	1.153.354	1.000.000
Bruk av fond i kyrkjerekneskapet	117.971	
Sum	4.871.325	4.500.000

Utanom dei summene som kjem fram i tabellen er det å tru at dugnadsarbeid, lån av utsyr og gode innkjøpsavtalar med næringslivet har ein verdi på over kr. 2.000.000.

Overordna plan for framtidig arealbruk på gravplassen

Kostnaden med å få utarbeida denne planen var berekna til kr. 100.000,-. Sluttrekningen enda på kr. 107.000,-. Med denne planen har både kommunen og kyrkja fått eit godt reiskap å styra etter når det gjeld framtidig bruk og investering i gravplass på Fitjar.

Kyrkja kjem ikkje til å ha gåande investeringsprosjekt i 2018, men arbeidet med fornying av gravfelt på kyrkjegarden som etter planen skal føregå i 2019 og 2021 må ein starta førebuing av i året som kjem.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

RÅDSARBEID

Sokne- og fellesrådet har gjennom året hatt 8 møter der det har vorte behandla 66 ulike saker. Medlemene i sokne- og fellesrådet er desse:

- Helga Olsen Aadland, leiar i soknerådet
- Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet
- Sigrid Marie Fangel, nestleiar i soknerådet
- Terje Havro, nestleiar i fellesrådet
- Bodil Nesse, skrivar
- Sindre Aarbø
- Gunnvald Aarbø
- Mette Elisabeth Lambach
- Olav J. Oma, sokneprest
- Sigurd André Maraas, kommunal representant

I løpet av 2017 vart rådsstrukturen for soknerådet endra. På Fitjar har det tidlegare vorte operert med både fellesråd og sokneråd. Etter kyrkjelova skal det i kommunar med eitt sokn berre vera sokneråd. Dette rådet skal i tillegg til ordinære soknerådssaker ha dei oppgåvene som elles ligg til fellesråda i andre kommunar. Kommunen sin representant i rådet trer inn i dei sakene som høyrer til fellesrådet sitt ansvar. På siste møte før jul i 2017 var det val på leiar, og nestleiar i soknerådet. Der vart Sigrid Marie Fangel vald til ny leiar medan Gunnvald Aarbø vart vald til ny nestleiar, begge for 1 år. Bodil Nesse held fram som skrivar.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

ØKONOMI

ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

v/ Harald Rydland, kyrkjeverje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sitt rekneskap er for 2017 gjort opp med eit overskot på kr. 404.883,-. I dette resultatet ligg det inne kr. 107.994,- i overføring frå fondet for kyrkjelydsprest. I budsjettet var det lagt opp til eit underskot for heile verksemda på kr. 107.100,-.

I starten av 2017 såg soknerådet og kyrkjeverja helst mørkt på den økonomiske situasjonen. Driftsbudsjettet for året var sett opp så nøkternt som råd utfrå dei stillingane me hadde og dei oppgåvene som låg føre. Likevel måtte det budsjetterast med eit underskot på vel kr. 100.000. Soknerådet har ved fleire høve teke til orde for at kommunen må auka tilskotet til kyrkja dersom kyrkja skal få utført oppgåvene sine på ein god måte og på samme tid ha ein sunn økonomi. Difor sende soknerådet ein omfattande søknad til kommunen om å få auka det årlege tilskotet med kr. 419.000,-. I søknaden vart det teke utgangspunkt i § 15 i kyrkjelova som fortel kva av kyrkja sin utgifter kommunen skal dekkja. Kommunestyret svara i juni på søknaden med å løyva kr. 225.000 ekstra til kyrkja for året 2017.

Gjennom året var det fleire forhold som inntraff som gjorde at den økonomiske situasjonen på kort sikt betra seg. To av dei tilsette i kyrkje sa opp stillingane sine i løpet av året, utan at ein fullt ut fekk erstatta desse med vikarar eller nye tilsette. Difor var det ein del av lønsbudsjettet som ikkje vart brukt opp. Vidare vart det samla inn langt meir kollekt og gåver enn det som var budsjettert. Når i tillegg kommunen si løyving kom, vart resultatet for året langt betre enn budsjettert. Det at me mangla tilsette gjorde at ikkje alle oppgåvene som var planlagde kunne gjennomførast.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 1.285.020,- i bundne fond. Fordelinga er å finna i note 4 i tabellen på side 16. Disposisjonsfondet er på kr. 131.868,- før overskotet for 2017 vert disponert.

Fleire detaljar om rekneskapet er å finna i tabellane på dei neste sidene.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

RESULTATREKNESKAP, BALANSE OG NOTAR

Tekst	Fitjar Sokn, resultatrekneskap		Budsjett
	2017	2016	2017
Brukarbetaling	481 745	490 341	449 000
Refusjon	699 891	565 878	350 000
Offentlege tilskot	2 474 900	2 070 300	2 197 900
Andre tilskott, innsamla midlar	933 540	714 803	588 500
Sum driftsinntekter	4 590 075	3 841 322	3 585 400
Løn og sosiale utgifter	2 417 771	2 626 764	2 719 100
Kjøp av varer og tenester	1 037 355	1 170 261	958 600
Refusjonar/overføringar	285 660	446 504	245 000
Tilskott og gåver	607 598	348 205	243 000
Avskrivningar	189 683	170 882	175 000
Sum driftsutgifter	4 538 068	4 762 948	4 340 700
Brutto driftsresultat	52 008	- 921 626	- 755 300
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	8 786	18 080	0
Sum eksterne finansinntekter	8 786	18 080	0
Resultat eksterne finanstransaksjonar	8 786	18 080	0
Motpost avskrivningar	189 683	170 882	175.000
Netto driftsresultat	250 477	- 732 664	- 580.300
Avsetjingar:			
Bruk av bundne driftsfond	157 844	338 356	473 200
Sum bruk av avsetjingar:	157 844	338 356	473 200
Overført til investeringsrekneskapet			
Avsetjing til disposisjonsfond			
Avsetjing til bundne driftsfond	- 3 438	- 5 517	0
Sum avsetjingar	- 3 438	- 5 517	0
Resultat	404 883	- 399 825	- 107 100

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Fitjar Sokn, balanse

	Rekneskap 2017	Rekneskap 2016
EIGEDLAR		
Anleggsmidler	9 725 110	8 438 103
Faste eigedommar og anlegg	9 230 689	8 015 678
Utstyr, maskiner og transportmidler	431 140	368 160
Utlån	63 281	54 266
Aksjar og andelar (Note 1,2)		
Omløpsmidlar	2 216 619	2 842 504
Kortsiktige fordringer	556 213	1 114 727
Aksjar og andelar		
Sertifikater		
Obligasjoner		
Kasse, bankinnskudd	1 660 405	1 727 777
Sum eigedelar	11 941 729	11 280 607
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital	11 404 429	10 716 656
Disposisjonsfond (Note 3)	131 878	540 934
Bundne driftsfond (Note 4)	1 286 745	2 151 626
Rekneskapsmessig mindreforbruk	404 883	
Rekneskapsmessig meirforbruk (Note 6)		-399 824
Udekka i investeringsrekneskapen (Note 5)	- 144 186	-14 183
Kapitalkonto	9 725 110	8 438 103
Gjeld		
Langsiktig gjeld:		
Kortsiktig gjeld:	537 300	563 950
Annan kortsiktig gjeld	537 300	563 950
Sum eigenkapital og gjeld	11 941 729	11 280 607

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Notar

Note 1 Pensjonsforplikting

Pensjonsforpliktinga er dekkja gjennom KLP. Årets forplikting er utgiftsført.

Note 2 Eigenkapitalinnskot KLP

	Pr 31.12.2017
Eigenkapitalinnskot KLP	62 281
Aksjar Kirkepartner	1 000

Note 3 Disposisjonsfond

	Pr 31.12.2017
Generelt disposisjonsfond	131 878

Note 4 Bundne fond

	Pr 31.12.2017
Fond gravfestemidler	121 171
Utsmykking	5 486
Orgel	0
Kyrkjelydsprest	643 364
Diverse prosjekt	56 456
Knut K. Rydlands legat	171 568
Gravlegater	286 976
Sum bundne fond	1 285 020

Note 5 Udekka i investeringsrekneskapen

	Pr 31.12.2017
Udekka invest. 16	0
Udekka invest. 17	- 144 186
Sum udekka investering	- 144 186

Note 6 Udekka i driftsrekneskapen

	Pr 31.12.2017
Udisponert i driftsrekneskapet 2016	0
Sum udisponert drift	0

ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN

KYRKJEMUSIKK

v/ Jan Overweg, kantor

Årsmelding

Jubileumsåret 2017 har vore eit eventyr for kantoren. Kyrkjejubileet og ferdigstilling av det nye orgelet har vore til stor inspirasjon for det kyrkjemusikalske arbeidet. Eg kan difor ikkje anna enn å byrja årsmeldinga med ein stor takk til stab, sokneråd, frivillige, kommunen og næringslivet, for alt som vart gjennomført i Fitjar kyrkje i 2017!

Det nye orgelet

I februar og mars 2017 kom alle pipene på plass i orgelet og fekk den rette klangen gjennom eit nøysomt intonasjonsarbeid. Olof Lennartsgård i Ålems orgelbyggeri har skapt eit instrument av ypperste klasse for Fitjar kyrkje. Den 18. mars vart orgelet innvidd av prost Theodorsen i ei festgudsteneste på Maria budskapsdag. Forutan prost, sokneprest og kantor deltok Olof Lennartsgård og kyrkjekoret.

Orgelfestveka som fylgde viste instrumentet si prakt og breidde for mange frå fjern og nær. Innviingskonserten ved domkantor Sigurd Melvær Øgaard var ei oppleving eg seint vil gløyma.

Så må eg føya til at den forbetra akustikken i kyrkja har vist seg å vera med å gje orgelet og songen glans!

Jubileumsarrangement

Kantoren har tatt del ved mange jubileumsarrangement. Spesielt vil eg nemna opplegget for skulane i mai. Nesten alle skuleborn og ungdomar har blitt kjent med det nye orgelet, og kyrkjemusikken. Også Bakken barnehage har fått utforska galleriet.

Elles har lunsjkonsertane blitt godt motteke. Dette er noko som eg gjerne vil halda fram med i tida som kjem.

Gudstenestelivet

Mest synleg er arbeidet med det rike gudstenestelivet i Fitjar. Det er inspirerande å arbeida i ei kyrkjelyd som tek aktivt del i gudstenestefeiringa. Difor vil eg takka kyrkjelyden for god song, for det gode felleskapet og for engasjementet som attpåtil viser seg i mange dugnadstimer vekedagar. Mange takk også til Anne-Marie Røed for tilrettelegging av arbeid med solistar.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Kyrkjekoret

Koret har øvingar kvar onsdag frå 19.30 til 21.30. Medlemstallet i 2017 har vore ca 20. Styret er sett saman slik: Olaug Gloppen - leiar, Kari Anita Larsen - skrivar, Harald Skumsnes - kasserar, Jan Overweg - styremedlem. Det er eit godt felleskap som absolutt har plass til fleire.

To gonger har koret vore del av eit stort felleskor saman med Osternes mannskor og Fitjar kammerkor - først ved korkonserten i orgelfestveka og seinare ved julekonserten. Dette er noko som mange har hatt stor glede av. Vidare har koret tatt del ved nokre gudstenester, blant dei påskedag og juledag. Koret har også tatt del ved nokre arrangement utanfor kyrkjerommet.

Kyrkjelege handlingar og institusjonane

Kantor i Fitjar fylgjer prestane (og delvis i 2017 kyrkjelydspedagogen) ved ulike opplegg. Annakvar onsdag held ein av prestane andakt på sjukeheimen og på Hamnahuset. Dette er fine stundar der me også syng nokre salmar saman med bebruarane.

Fint også å kunna bidra med musikk i gravferd og nokre vigsel. Ofte er det ønske om eigne val av musikk som det er flott å kunna arbeida med.



Til slutt den bøna som lyda ved innviing av orgelet 18. mars:

Gud, vår Far, du er den høge og heilage, du har gjeve oss tilgjenge til deg i éin Ande ved vår Herre Jesus Kristus. Verdig er du, Herre, til all makt og rikdom, visdom og styrke, ære og pris. Vi takkar deg for at vi i dag kan ta dette orgelet i bruk til di ære. Lat dei som skal tilbe deg her, tena deg med glede og bera fram din pris i jublande songar.

Gud, bu med din Ande i hjarta hjå ditt folk, og fyll dette huset med din herlegdom. Lat oss alle til sist ved din nåde få syngja den nye songen for di trone i himmelen, ved Jesus Kristus, vår Herre. Amen.

Fitjar, 26.02.2018

Jan Overweg, kantor

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

TEMAKVELDAR

v/ Eli N. Simonsen

2017 har vore eit aktivt år i kyrkja vår... Dette syner også att i våre arrangement...

Dette året har me stått som arrangør for 10 temakvelder.

Me ønskjer at temakveldane skal vera varierte, ha låg terskel, ulikt innhald og form, slik som song/salmekvelder, utstillingar, foredrag, konsertar osv. Me prøver også å ha lokale kunstnarar i tillegg til folk utanfrå.

Me satsar framleis på å halda fast ved å ha våre kvelder den siste torsdagen i mnd. Nokre gonger har me måtta justera - anten grunna feriar/høgtider eller fordi medverkande ikkje har vore tilgjengelege når me måtte ønskja..

I gruppa sit: Hildegunn Aadland, Benedicte Meyer, Anne Britt Tornes og Eli N. Simonsen.

Me har jamnlege planleggingsmøte og prøver å ha programma klare ei halvtår/år i forvegen

Det var ei storhending for oss å få utdelt Fitjar Kommune sin Kulturpris for 2017!! Me er glade for at arbeidet vårt blir sett pris på, og samtidig ser me det som ein pris til kyrkja vår!!!

Ekstra kjekt var det å få denne i jubileumsåret!!

Programmet vårt i jubileumsåret var:

JANUAR: "Då David slo harpa"--konsert med Osternes Mannskor

FEBRUAR: "Reisen hjem"-Egil Svartdahl

APRIL: "Kyrkjepåsk.Høgtid eller kvardag"--Sylfest Lomheim

AUGUST: Konsert med Sigrid Moldestad--Fitjarfestivalen

"Stjerneskot og minneglimt"-Oskar Stein Bjørlykke

SEPTEMBER: "Om å bera symptoma sine med verdigheit"-Geir Gundersen

OKTOBER; Konsert med SKRUK

"Misjonsliv" med Johanne Øvstebø Tvedten, Fred Ola Bjørnstad og Ole Jørgen Furdal

NOVEMBER: Ingvard Wilhelmsen, Rhoda Achieng og Irene Simonsen

Me er godt i gang med arbeidet for 2018, og programmet for heile året er no snart klart!!



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

DIAKONINEMNDA

v/ Fridleif Lydersen, kyrkjelydsprest

Diakoninemnda i Fitjar sokn.

I Diakoninemnda sit desse: Grete Sætre, Annbjørg Stjern Tvedt, Inger Marie Gilje, Halvard Wiik, Fridleif Lydersen og Olav J. Oma.

Kort om aktiviteten til diakoninemnda:

Organisere besøkstenesta.

Arrangere ein dagstur.

Blomehelsingar til nære pårørande etter dødsfall.

Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.

Blomehelsing til Havnahuset og sjukeheimen i desember.

Blomehelsing til alle besøksvener som går på besøk.

Deltaking i gudstenesta på Alle helgens dag.

Invitasjon til middag og kaffi etter gudstenesta på Alle helgens dag.

Litt om omfanget av arbeidet:

Diakoninemnda hadde fire møter i 2017 og handsama 29 saker.

29 personar fekk blom ved alder 80, 85, 90 eller 95 år. Det var og ein del sørgjande som fekk besøk og blom.

Besøkstenesta er ein viktig del av arbeidet. Medlemmane er sjølve med i arbeidet i tillegg til mange andre frivillige. Alle har jamnleg kontakt med kvar sine besøksvener.

Ein årleg busstur som er opne for folk i alle aldrar.

Nye ting som er komne til i år:

I år har vi ikkje hatt nye tiltak. Halvard Wiik er ny som medlem i nemnda.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Viktige hendingar i året som gjekk:

Den 01.feb. var det fest for besøkssvener. Diakon Marta Kristin Valvatne frå Stord hadde eit innlegg om «Grensesetjing i besøkstenesta» for oss. Det blei servert snittar og kaffimat.

I år var det diakonitur til Austevoll 08. juni. Alle inkludert var vi 41 personar med på turen. Vi køyrde rundt omkring i kommunen. Roald Drønen var med som kjentmann. Vi åt lunsj på Bekkjarvik Gjestgiveri og kaffimat i Hundvåkøy kyrkje. I Hundvåkøy kyrkje hadde vi ei andaktsstund.

Evt. planar framover:

Diakoninemnda tenkjer å vidareføra det som allereie er i gong.

Andre opplysningar:

Kyrkjeverje tek seg av de økonomiske ansvaret for Diakoninemnda.

For Diakoninemnda Fridleif Lydersen.

TENTREFF

v/ Fridleif Lydersen, kyrkjelydsprest

Årsmelding for TenTreff – 2017

Fitjar Indremisjon og Fitjar sokneråd samarbeider om Tentreff, som er på Fitjar bedehus fredagskveldar kl. 21.00 – 23.00. Tentreff er eit lågterskeltilbod for ungdomar. Hausten 2017 samarbeidde Tentreff med KRIK.

På Tentreff er det andakt, kiosk med sal av mat, snop og brus. Aktivitetane har stort sett vore spel av ulike slag, styrt av ungdomane. Nokre har og sete rundt borda og prata med kvarandre eller leiarane. Leiarane har og lagt vekt på å kome i kontakt med ungdomar som ønskjer kontakt med ein vaksen.

Vi har hatt meir organiserte aktivitetar i år enn i fjor. Ungdomane er sjølve med og organiserar aktivitetar. Det er ønskeleg å organisere aktivitetane enda meir, men vi er godt i gong.

I år har Tentreff vore kvar veke bortsett frå i januar så vi har innfridd ønske frå ungdomane om kvar veke om Tentreff. Vi hadde TenTreff tre gongar i sommar. Andaktshaldarar har vore prestane, tilsette i IMS og lekfolk. Det har vore lett å få andaktshaldar. Folk har vist velvilje noko vi i leiinga er takksam for. Arbeidet er meningsfullt og viktig. Guds ord vert sådd. Dei unge har verka lydhøyre under andakten, og har vore greie å ha med å gjere. Dette er løfterikt. I snitt har det nok vore litt over 20 ungdomar på TenTreff i år, men dei siste gongan før jul møtte det over 30 ungdomar.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Vi har fordelt ansvaret for å skaffe folk til dei forskjellige oppgåvene. Fridleif Lydersen har ansvar for å skaffe andaktshaldarar. Han har og vore med i det miljøskapande arbeidet saman med Sindre Aarbø, Anne Marie Røed og Ellen Vestbøstad. Sindre Aarbø har og engasjert medarbeidarar til praktiske oppgåver som t.d. å stå i kiosken. I tillegg oppdaterer han Facebooksida til Tentreff. Anne Marie Røed og Ellen Vestbøstad har og hatt ansvar for at det vert laga mat. Håkon Rydland Sæbø og Dagfinn Brekke er komne med i haust. Dei har vore med i det miljøskapande arbeidet.

Informasjon om Tentreff finn ein på heimesida til Fitjar bedehus og på Facebooksida. Heimesida til Fitjar bedehus vert oppdatert jamnleg. Plakatar vert og sett opp.

Ein ser det som ønskjeleg å ha ei Tentreffnemnd med representantar frå Indremisjonen og kyrkja. Draumen er at ungdomane på sikt sjølv kan ta over alt ansvaret for organiseringa av aktivitetar, slik at vaksenleiarar endå kan konsentrere seg om oppgåva som forkynnarar, rettleiarar og samtalepartnarar.

Fitjar 10.01.17

Fridleif Lydersen

BAKKEN BARNEHAGE

v/ Torunn K. Aarskog, styrar

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtektene står det: "Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid." Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga. Desse sit i styret i 2017: Erling Prestbø (leiar) , Frøydis Almås, Asbjørn Vik og Torunn Aarskog. Ein representant frå Stiftingstyret (Frøydis Almås) og ein representant frå soknerådet (Gunnvald Aarbø) er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen på borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdeling har 12 born) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Born pr 15. desember 2017

62 born, 51 born har fulltidsplass og 11 born har deltidsplass (60%). 17 born er under 3 år, (fødd i -15 og -16) og 45 born er over 3 år (fødd i -12,-13 og -14). Vi har hatt fulle grupper heile året og venteliste. Vi har born med særskilde behov som får tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp i følgje vedtak. Kommunen refunderer kostnader med dette.

Personalressursar pr. 15. desember 2017:

Styrar: 1 årsverk, styrarassistent 0,10 årsverk, pedagogisk leiarar/barnehagelærarar: 5,35 årsverk, fagarbeidarar/assistentar: 6,75 årsverk, ekstra-assistent: 0,80 årsverk, Reinhold: 0,4 årsverk + timebasert vaktmeistertjeneste. Totalt 14,52 årsverk og 18 tilsette! I tillegg har vi 1 person utplassert frå NAV i 93 % stilling i arbeids/språkpraksis på kjøkenet.

Vi opplever å ha gode lokale tilgjengeleg. Alle avdelingane har større areal enn det som er påkrevd. I tillegg til fellesrom som: formingsrom, bibliotek og grupperom. Personalavdelinga er romsleg med godt pauserom og arbeidsrom med arbeidsplass til alle pedagogane.

Vi har avtale med Lekeplasshjelp AS angående kontroll av leikeplassen 4 gonger i året. Dette året er eit reilestativ bytta ut pga roteskader.

Nyinvestering på uteleikeplassen: Ei open grillhytte.

Året 2017 har vore eit år utan dei store endringar. Det er fortsatt stor søknad til barnehagen. Mange søker om plass ved hovudopptaket i mars og vi har venteliste.

Ny Rammeplan for Barnehagen vart vedteken og gjeldande frå 1- august 2017!

Vi ynskjer stadig å vera i endring/ forbetring. Borna får servert alle måltid i barnehagen. Foreldra betalar kr. 250 i kostpengar for heil plass. Det dekkar frukost (havregraut eller brødmat), lunsj (varm lunsj ei gong i veka), lite måltid på ettermiddagen, mjølk, frukt/grønsakar kvar dag og fruktfat eller smoothy ved gebursdagsfeiringar!

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Barnehagesektoren er i stadig endring. Ny pedagognorm er vedteken og vert gjeldande frå 1. august 2018. Då skal det vera ein pedagog pr. 14 born over 3 år og pr. 7 born under 3 år. I denne norma tel ein tal på born og ikkje tal på plassar, så viss vi framleis skal tilby både 60% plass og 100% plass må me tilsetja ein pedagog meir enn vi har i dag. Vi har ei fortid som korttids-barnehage og ynskjer at foreldra skal ha mogelegheit å gjera dei vala som passar for deira familie. Regjeringa har varsla ei Bemanningsnorm for barnehagen og vi venter spent på korleis denne slår ut når det gjeld deltids plassar. 2 assistentar tok fagprøven i januar/februar 2017. Dette aukar kompetansen blant personalet!



At vi er ein kyrkjelydsbarnehage kjem til uttrykk i barnehagekvardagen. Bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ei gong i veka, formidla på forskjellige måtar ved hjelp av bøker, drama, flanellograf, forteljing, film mm. Prestane vitjar oss ca. ei gong pr. månad og har kristen samling. Dei kristne høgtidane har stor plass hos oss. "Tenkefargen" lilla går igjen før jul (advent) og påske (faste). Då skal me førebu oss på ei høgtid! Vi har julespel på Vennskapsfersten i desember og saman med Fitjar kyrkje har vi påskevandring og pinsevandring i kyrkja. Om hausten deltek barnehagen med prosesjon og song på hausttakkefesten i kyrkja. At mange synes at det er viktig med den kristne profilen som vår barnehage har, viser store søkjartal! Diverre får vi ikkje plass til alle som ynskjer plass i vår barnehage!



Sidan 2008 har vi vore Vennskapsbarnehage med Mamma Maggie sine Stefanusbarnehagar i Egypt. Denne kontakten blir formidla gjennom Stefanusalliansen. At borna får kjennskap til andre kulturar og moglegheit for å vera med å gjera ein forskjell for desse borna er viktig for oss! I 2017 sende me kr. 24.110,- til våre venner i Egypt!

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

Økonomi:

Barnehagen driv med overskot. Overskotet vert brukt til nedbetaling av gjeld og diverse utbetringar. Pr. 30.12.2017 har barnehagen ei gjeld på 2,7 mill.

KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen er ei foreining som arbeider for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld , utstyr, inventar og utsmykking. Blomar og anna pynting av alteret er det og kyrkjeringen som tek seg av. Dette arbeidet er det Haldis Abotnes som har gjort på dugnad heile året.

På forreiningsmøta, som vert haldne rundt i heimane, vert det samla inn pengar for å fremja arbeidet.

Kontaktperson for kyrkjeringen er Ellen Vestbøstad

FRIVILLIGNEMNDA

Frivillignemnda har som sitt oppdrag å inspirera og syta for gode arbeidsvilkår for dei som vil gjera ein frivillig innsats i kyrkjelyden, både gjennom arbeid og gåver. Arbeidet i året som gjekk har bestått i m.a. å rekruttera nye medlemmer til nemder og utval som arbeider i kyrkja.

Medlemer i Frivillignemnda i 2017 har vore: Aase Rygg Nøttveit, Mette Lambach og Sonja Pedersen.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2017

KVELDSBØN/STILLE KVELD

Kveldsbøn/stille kveldar i kyrkja er eit arrangement med roleg musikk, tekstlesing, bøn og rom for ettertanke. Det har vore vanleg med attangement om lag ein gang i månaden. Det har komme tilbakemeldingar på at arrangementet vert sett pris på.

Kontaktperson for arrangementet er Anne Marie Røed

FITJAR KYRKJELYD SITT MISJONSPROSJEKT

Soknerådet etablerte i 2016 avtale om misjonsprosjekt med NMS og vil framover samarbeida med organisasjonen om eit prosjekt blant fulanifolket i ørkenlandet Mali som ligg i Vest-Afrika.

Det er etablert eit lokalt arbeidsutval som skal ha særleg merksemd på misjonsprosjektet. Helga Rimmereid leier utvalet og har med seg Gunvald Aarbø, Tordis Eide og Solfrid Sandvik som medlemmer.

Dei siste åra har det vore tradisjon at det vert teke opp kollekt til misjonsprosjektet 1. juledag, 1. påskedag og 1. pinsedag.

I 2017 vart det sendt kr. 59.819,- frå Fitjar kyrkjelyd til NMS sitt arbeid i Mali.



Fitjar sokneråd vil retta ei stor takk til alle frivillige og tilsette som i 2017 har lagt ned eit stort arbeid for å nå målet i kyrkjelyden sin visjon. «Nær menneske, nær Kristus» .